

Skjeldal, G. (2025). Balansekunst: Å leia born i idrett. I S. Loland & O. O. Sæle (Red.),
Å løpe en risiko: Etiske refleksjoner om å lede praksis i kroppsøving, idrett og friluftsliv
(s. 21–42). Fagbokforlaget. DOI: <https://doi.org/10.55669/oa610701>

Kapittel 1

Balansekunst

Å leia born i idrett

Gudmund Skjeldal

Samandrag: Kva er eit barn? Korleis leier me born i den organiserte idretten i Noreg? I 1824 annonserte August Paulson at sonen hans skulle framføra imponerande linedans i Christiania. Guten kunne sjonglera med sitron og gaffel, og balansera med ein tallerken oppå ein kårde, og med både militærmarsj og bønestilling, alt medan han heldt seg oppe på stållina – viss folk ville kjøpa billett og sjå på. Guten, Carl August Paulson, var i følgje avisannonsane til faren berre ti år gammal. Born var slett ikkje eit uvanleg syn i det ein kan kalla sirkussamanheng, men like gjerne performativ kunst, og for så vidt også ein forløpar for moderne organiserte idrett, gjennom heile 1800-talet: Både avisannonsar og avisdebattar vitnar om det. Lover frå eineveldet Danmark-Noreg, og tillempingar etter grunnlova i 1814, sette stramme rammer for dei offentlege framføringane, men sa ingenting om bruken av born. Barneidrettsbestemmingane og -rettane i heilt moderne norsk historie (1976, 1987, 2019), derimot, set mange vilkår som skal sikra god aktivitet for det enkelte barnet. Born har enkelt sagt utvikla seg frå ein bruksdimensjon til noko samfunnet vårt må beskytta og verna. Dette kan gje ansats til ei framstegshistorie om barndom og barneidrett og leiing av den bestemte praksisen; at utviklinga har gått mot betre pedagogikk og meir gjennomtenkt etikk. Motsett kan ein tenkja forfallshistorier om barndomen – som er blitt institusjonalisert gjennom moderne skule og idrettsorganisering til noko berre dei vaksne rår over, og ikkje lenger borna sjølve. Ein faghistorikar nøler med å gjera historia til læremeister, eller omvendt, til eit skrekk-kabinett. Historiefaget kan likevel finstilla oss for alle dei endringane som samfunnet og førestillingane har vore gjennom – og vil halda fram med å gå eller springa gjennom. Historia om Carl August Paulson og andre sirkusborn på 1800-talet set dei ganske stakkato alderskategoriseringane våre for idrettsborna i Noreg i eit anna lys. Kort sagt: Born er ikkje berre born.

Nøkkelord: sirkus, performativ kunst, barneidrett, barneidrettsbestemmingar, relativ alderseffekt

Abstract: What is a child? How do we guide children in organized sports in Norway? In 1824, August Paulson announced that his son would perform an impressive tightrope act in Christiania. The boy could juggle with lemons and forks, balance a plate on top of a sword, and perform both a military march and a prayer position – all while staying on the steel wire – if people were willing to buy a ticket and watch. The boy, Carl August Paulson, was, according to his father’s newspaper ads, only ten years old. Children were by no means an uncommon sight in what we might call a circus context, but just as much in performative art, and to some extent, a precursor to modern organized sports throughout the 19th century. Both newspaper advertisements and public debates bear witness to this. Laws from the absolute monarchy of Denmark-Norway, along with adaptations following the Constitution of 1814, set strict boundaries for public performances but said nothing about the use of children. The rules and rights concerning children’s sports in modern Norwegian history (1976, 1987, 2019), on the other hand, establish many conditions to ensure meaningful and safe activities for each child. Simply put, children have evolved from being seen in terms of utility to something society must protect and safeguard.

This can give rise to a progress narrative about childhood and children’s sports and the leadership of such practices – that the development has moved toward better pedagogy and more thoughtful ethics. Conversely, one might consider decline narratives about childhood – where it has been institutionalized through modern schooling and organized sports into something controlled exclusively by adults, no longer by the children themselves. A professional historian hesitates to make history into a teacher, or conversely, into a cabinet of horrors. However, the discipline of history can attune us to all the changes that society and its perceptions have undergone – and will continue to undergo.

The story of Carl August Paulson and other circus children in the 19th century casts our rather rigid age categorizations for children in Norwegian sports in a new light. In short: children are not merely children.

Keywords: circus, performative art, children’s sports, children’s sports regulations, relative age effect

Innleiing

I moderne europeisk, tidlegare kalla vestleg, tid forstår me barndomen som den tidlegaste livsfasen – der ein ikkje må arbeida. Eit barn er ein uskuldig skapning som leikar og går på skule. Eit barn skal rustast for vaksenlivet og alvoret, ja visst, men først og fremst har barndomen fått ein eigenverdi. Dette kan kallast arven etter Jean Jaques Rousseau og opplysningstida (Schrumpf, 2007).

I Noreg i dag er det i stor grad den organiserte idretten som tar seg av fritidsleiken. Born kom med i det som er blitt kalla den store idrettsrevolusjonen mellom 1965 og 1985 (Tønnesson, 1986, s. 245)¹. Allereie i utgangspunktet ligg det i eit etisk dilemma for den som skal vera leiar og trenar for desse idrettsborna: Korleis kan ungdomstrenaren eller den vaksne leggja til rette for at borna verkeleg leikar? Er det verkeleg leik omkring rørsler, ballar og balansar når det er trenaren som organiserer denne praksisen omkring kroppslege rørsler? Kva blir borns initiativ og innfall og regelstyring av i treningar og turneringar som vaksne styrer? (Beck, 1990).

Noregs idrettsforbund (NIF) fekk som det første landet i verda innført retningslinjer for barneidrett – i 1976. Desse prinsippa skulle verna om nettopp barnets og leikens eigenverdi, og skjerma det frå vaksenidrettens meir einsidige konkurransealvor. Seinare kom barneidrettsbestemmingar (første gong) i 1987, og i 2011 også idrettens barnerettar: I sum det som ofte har blitt kalla norsk idretts viktigaste verdidokument (Selliaas, 2012). Barneidrettsdokumenta seier at born under seks år skal ha med seg ein vaksen på aktivitetane (av omsyn til tryggleik). Born kan ta del i lokale konkurransar frå dei er seks år gamle. Regionale konkurransar kan dei reisa til når dei fyller ni. NM og andre lukka arrangement ikkje før dei har fylt 13. Tanken er å avgrensa tid og kostnader på reisinga. Idrettslag blir oppfordra til å leggja same prinsipp til grunn for trening og andre aktivitetar i barneidretten (NIF, u.å). Der FN's barnekonvensjon strekker barnealderen heilt til 18 år, har NIF ei grense ved 13 år, då barnet går over i ungdomsidretten.

1 Kwart sjuande barn var medlem av Noregs Idrettsforbund i 1965; kvart andre barn i 1985. Her må då leggjast til at definisjonen på eit barn har variert (alder, pubertet osv), samt at barn i dag også leikar i barnehagen, og for så vidt på skulen.

Paradoksalt nok bekreftar idretten såleis den skjematiske tidsforståinga av barndom som skulen i Noreg allereie definerer. Born er i sånn sett å forstå som born i ulike graderingar; dei har tydelegvis ulike behov og moglegheiter alt etter kva årgang dei tilhøyrer. Men alle som har sett ein førsteklasse på ein skule eller ein fotballkamp mellom sjuåringar veit at borna er vidt ulike – i høgd og i mogning og i motivasjonar. Likevel skal me handsama dei nokolunde likt – ut frå ein kronologisk aldersforståing. Er det rett? Er det godt for born?

I denne artikkelen skal eg stogga ved dette paradokset for trenarpraksis i Noreg. Eg skal forsøka å gjera blindfeltet og fordommane våre vonleg endå klarare ved ved å ta lesaren med på ei reise 200 år attende i tid.

Linedans i 1824

I februar 1824 annonserte August Paulson at folk i Christiania måtte koma og sjå. Sonen hans, Carl August Paulson, kunne balansera nærmast i lause lufta. Han trødde ut på ei slak og ganske tynn stål-line, noko slikt som to meter over bakken. Lina, som faren kalla ein ståltråd, var spent ut mellom to stolpar eller kryss. Guten kunne spankulera fram og tilbake, han kunne legga seg ned på lina, han kunne reisa seg opp att. Sonen hans kunne også lata ei tobakkspipe bli ståande på nasen medan han heldt seg på denne relativt slake, men solide lina av stål. Han kunne gje barnet ein kvass kårde, som det så heldt oppe med haka, medan kroppen stod i ro, nokså høgt over bakken. Carl August kunne så balansera den kvasse kården oppå tobakkspipa, eller han let den kvasse spissen av kården stå strak i veret på kanten av eit vinglas, til og med. Han kunne ifølgje førehandsreklamen balansera tre tobakkspiper i form av eit triangel oppå nasen, og fire i form av ein slags pyramide, og fem, som han må stabla oppå einannan, medan han framleis heldt balansen på lina – og faren stod under og passa på. Faren skreiv at han berre var ti år gammal (Morgenbladet, 1824).

Etter pausen, i andre avdeling, balanserte Carl August ei påfuglfjør på nasen sin. Han fekk så kården att, svinga den oppå ein stålspiss, og på toppen av kården att roterte han ein tallerken. Når så publikum vart trøytte av dette, eller ikkje hadde fleire ord eller gisp att, kasta guten seg på ryggen på lina,

og reiste seg opp att. Viss ein kan gå ut frå lysingane i dagsavisa, gjorde han dette kastet fleire gonger. Vidare sjonglerte han med to sitronar, noko som faren i annonsane kalla å kasta «Fontaine». Sonen hans fekk så ei tromme av far sin, og han spela med stikkene i takt med musikken, før han sjonglerte ei stund med dei, utan å mista takten. Då gav faren guten eit gevær, og han liksom ekserserte att og fram på ståltrådlina, som ein annan soldat. I finalen svinga Carl August seg fleire gonger på ståltråden, som faren skreiv. Dette oppfattar eg som at han gjorde piruettar, eller det ettertida skulle kalla dobbel eller trippel «axel». Han kan også ha svinga seg under ståltråden, med føtene som omvendt anker, slik som den inngifta og berre litt eldre slektningen Frederik Steen gjorde litt seinare.

Carl August Paulson synte fram dugleikane sine på slak ståltråd i fleire norske byar for to hundre år sidan no, og lenge før stålet blei adelsmerket på moderne, industriell sivilisasjon. Av lysingane går det fram at faren nok var stolt. Han skreiv at ingen hadde gjort slike kunstar i Christiania før, og i alle fall ikkje i så ung alder. Guten hans nytta ikkje ein gong balansestong. Sjølv skulle han visa fram «Bødkerdansen» etterpå. Han dansa eller balanserte truleg då fram og tilbake på ei tønne.

Dansemeisteren og handelsborgaren til Bergen August Paulson rigga ikkje til framsyninga berre for leik og moro, eller einast fordi han var stolt av son sin. Dei som kjøpte billettar på fremste rad, måtte betala to mark, fortalde annonsen. For andre rekke, og for alle born, gjaldt éi mark (altså ein fjerdedels spesidalar). Kva aldersgrensa då var for born, var ikkje spesifisert. Billettar kunne kjøpast hjå ein gymnastikklærer som Paulson må ha kjent i hovudstaden, eller hjå August sjølv, som leigde rom i Grensen, som låg nord for og helst i utkanten av sjølte tettbyggnaden i kjøpstaden. Der må også sonen, tiåringen Carl August, ha budd desse vintermånadene februar og mars 1824. Me veit ikkje om guten sov godt, og korleis han elles førebudde seg på framsyningane og korleis han og faren prata saman.

Tenk om Carl August Paulson kan ha *likt* det han gjorde i lag med forelderen og vegleiarer sin. Tenk om han var skikkeleg stolt over å bidra til forsørginga av familien heime i Bergen, og at den pedagogiske og moralske utfordringa som faren stod i, var å balansera mellom iveren og dugleikane som sonen synte på den eine sida, samstundes som han visste at guten ikkje kunne alt enno og slett ikkje makta dei vidløftige sjongleringane som ein vaksen meistra, på andre sida. Forventingane og instruksjonane hans måtte sikra

at Carl August ikkje tok for lett, eller for tungt, på oppgåva. Tenk så på om idretten i Noreg i dag har funne den rette balansen mellom alvor og leik, og mellom kva somme born meistrar, og andre ikkje

Historieteoretiske avklaringar og problemstillingar

Annonsane som far & son Paulson prenta i fleirfaldige norske aviser i åra 1823–1826, avlar både kjeldekritiske og breiare historiefaglege spørsmål. Aller Først: I kva grad kan me lita på det som står i desse lysingane (a)? Dinest: Kor vanlege var slike sirkusnummer i Noreg der born figurete i forgrunnen (b)? Og kva skal ein eigentleg kalla det som born var med på, faktisk relativt mange gonger gjennom heile 1800-talet i norske kjøpstader, gjøgleri, eller kunst, eller stor idrett (c)? Dei offentlege framsyningane var lovregulerte, og dermed var, eller er, embetsverkets kategoriseringar og vurderingar relevante for nettopp dette spørsmålet.

Ein kan vidare spørja seg om det fanst det moralsk og samfunnsmessig refleksjon i offentlegheita på første del av 1800-talet om det å trenast opp born til slike krevjande akrobatiske dugleikar (d). Kan henda går det an å seia noko handfast og kjeldebelagt om kva praksis-pedagogiske og leiar-relaterte dilemma August Paulson kan ha stått i den tida (e). Eg skal ta for meg alle desse samanvevde problema, i den rekkefølgja eg presenterer dei her (a-e), og landa i noko ein historikar oftast nøler med å svara på, eller gjerne vonar at historia sjølv røper: Kvifor er denne saga mi viktig for refleksjonar om det å leia praksis to hundre år seinare? Er denne historia frå 1824 eit apropos, eller berre eit mal-apropos, til barneidrettsbestemmingane me held så høgt i kurs i Noreg i dag?

Det ville vore særst interessant å få vita korleis guten Carl August Paulson hadde det kvelden før framsyninga, og kva han sjølv tenkte om den kroppslige dugleiken sin, og kva han elles gjorde, og kanskje leika med, i kvardagen. Kjelder om dette finst ikkje, så vidt eg kjenner til. Det kan i det minste *tenkjast* at han elska å vera i lag med far sin, og at balansekunst og sjonglering var det kjekkaste han dreiv med. Carl August kan endåtil ha trygla vegleiarer sin om å dra på oppvisningsturné i Sør-Noreg, via sjøvegen og sørlandskysten:

han ville sjå andre byar enn Bergen. Ei historie om barn i idretten må meir generelt ha rom for at også *dei* påverkar omgjevnadene sine, og altså bidreg til dei førestillingane som utviklar seg (Schrumpf, 2007).

Når det gjeld heile 1800-talet i Noreg, og for så vidt mykje av 1900-talet også, må me for det meste nøya oss med nettopp kva *førestillingar* som fanst – og då som oftast mellom dei vaksne – om borna og kroppane deira. Det er i seg sjølv ei fengslende historie – om korleis ideen vår om barn stadig endrar seg. Og det betyr i siste instans at det å vera eit barn, gjennom forventingane våre til det, og samfunnsrammene for det, har endra seg gjennom historia også. Her ligg den moralen og vakar som eg skal venda tilbake til i refleksjonsdelen.

Forskningsstatus og kjelder

Sirkuskulturen i Noreg, eller for den del i Skandinavia, er ikkje blitt forska på i særleg grad. Herman Berthelsen kom med ei heller begeistra og brei kulturhistorie for norske forhold i 2009: Tidsspennet her var meir enn to hundre år. Han har også skrive ein biografi, *Appelsin-Herman* (2005), med mykje relevant stoff om gjøglarane i Noreg på 1800-talet. Torkel Bråthen skreiv ei strålende masteroppgåve om jussen og forvaltninga av lovverket på dette området, som han sjølv kalla performativ kunst, i 2015. Her var perioden avgrensa til 1800-talet. Det finst også ein relativt fersk skandinavisk anlagt antologi, (Selvik et. al., 2020), som tematiserer delar av denne framførande kunsten i eit historisk perspektiv. Attåt dette har Ellen Karoline Gjervan publisert artiklar om pantominetradisjonen i populærkunsten (2019), og om ein stor italiensk sirkustrupp som vitja Danmark, Sverige og Noreg i åra 1800–1802 (2018), som går i detaljar om familieforhold og dei borna som var med.

Den slektskapen som sirkuskunstane faktisk har til dei organiserte idrettskonkurransane i Noreg, er endå mindre belyst. Doktorgradsavhandlinga til Matti Goksøyr (1991) kommenterte ein del tildragingar med artisteri i Bergen på 1800-talet som fanst før sportifiseringa; avhandlinga til Gudmund Skjeldal (2022) synte liknande ein del samanhengar mellom amatørførestillingar og synet på sirkus i siste del av 1800-talet i norsk idrettsoffentlegheit. Kort sagt er mykje forskningsmessig mark her enno oppløygd.

Digitaliseringa av kulturarven i Noreg, det pågåande og imponerande arbeidet til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, gjev heilt nye rammer for systematisk lesing av norske bøker, tidsskrift, aviser og plakatar. Før om lag 2010 var ein for det aller meste overlaten til mikrofilmrullar som gjorde all lesing krevjande. Den viktigaste kjelda i denne artikkelen er annonsar og kunngjevingar i avisene, både med gotisk og latinsk trykk. Desse lar seg søka i, sjølv om ikkje algoritmane er treffsikre for alle gotiske bokstavar, og for absolutt alle ord i dansk og kanskje svensk språkdrakt og teiknsetjing. Alle avistreff – til dømes på ordet «idræt» – må lesast og granskast i den samanhengen dei stod.

Prinsipielt sett er digitaliserte, avfotograferte aviser andre kjelder enn dei opphavlege – som blei trykte i papir og såleis kan lesast på ein annan måte, og hadde *si* distribusjonsform (Bastiansen, 2023). Med dette kritiske atterhaldet kan ein likevel nytta dei digitaliserte kjeldene i systematisk gransking av historia.

Gjenbruk

Annonsen til August Paulson som stod i Morgenbladet søndag 22. februar, på heile baksida, må lesast som ein reklameplakat. Me kan ikkje, eller rettare sagt avislesarane og tilskodarane den gongen i 1824, kunne ikkje vita sikkert at til dømes gutungen hans var berre ti år gammal. Han var i realiteten godt over elleve, fødd i november 1812 (i Christiansand, jf. Kristiansand domprosti, minsterialbok nr. A3, 1778–1818, s. 682–683), men visste neppe sjølv om akkurat denne fødselsdatoen, eller feira den nødvendigvis kvart år.

Kor stort oppmøtet av tilskodarar blei, og korleis framsyninga med denne dyktige guten faktisk gjekk, akkurat denne vintersøndagen før fastelaven i 1824, fortel ikkje Christiania-avisene. Dei var fire i talet; Morgenbladet var den einaste dagsavisa, om enn med berre fire spinke sider totalt (Rudeng, 2021). Utgåande reportarar var dessutan eit særsyn.

Ein innsendar i Drammens Tidende lovprisa seint om hausten dugleikane til barnet Paulson, som han sjølv hadde vore vitne til fleire gonger, i lag med andre entusiastiske publikummarar. Den svært unge guten utførte linedansnumra sine med ei «Frimodighed, Nøiagtighed, og Sikkerhed, som med rette

beundres af et barn i den Alder», skreiv han (Drammens Tidende, 1824, s. 3). Innsendaren, kven han no var – og høgst truleg var det ein mann slik som offentligheita då var innretta eller avgrensa – meinte at Carl August gjorde stor ære på far sin med dugleikane sine. Det fjerde bordet i Moselova song truleg bakom denne siste betraktinga. Der heitte det, sitert etter Pontoppidans klassiske katekisme, at ein skulle «[h]ædre sin Fader og sin Moder, at det kan gaa dig vel, og du maa lenge leve paa Jorden» (Pontoppidan, 1737/1854, s. 152).

Sannsynlegvis hadde far & son Paulson presentert dei sjonglerande og akrobatiske numra i kjøpstaden Drammen, med eit folketal på knappe 7000, tidleg på året, *før* dei kom til hovudstaden. I Kristiansand, med befolkning på dryge 7000, hadde August Paulson rykt inn den identiske annonsen i ei avis alt i august året før, og etter nokre utsetjingar og inntreff av sjukdom der hatt framsyningar i september månad. I Bergen, den største byen i landet, der Paulson-familien budde for det meste, lyste han ut framsyninga med sonen i mai 1823. Då var guten hans godt og vel 10 år gammal (De Bergenske Adressecontoirs Efterretninger [BAE], 1823, s. 7).

Det er, uansett nøyaktig debutalder, likevel freistande å kalla Carl August Paulson den første barneidrettsstjerna i Noreg. Han var hovudperson i ei slags sportshending – ei oppvisning i fysikk og oppheva tyngdekraft, eit på same tid spennande og gjennomregissert kroppsleg drama. Framsyninga var nøye planlagd og gjennomtenkt, men resultatet eller utgangen hennar var likevel uviss.

Representativ

I røynda var ikkje Carl August Paulson det aller første barnet som synte seg fram i det me ville kalla ein sirkussamanheng, i Noreg. Enkle søk på «Liniedans» og synonym som «Linie-Gymnastik» og «equilibristiske Øvelser» syner at det fanst ein ubrotten tradisjon for framsyning av ulike balanserande og sjonglerande øvingar gjennom heile 1800-talet, både på slak og på stram line, først på tau, og sidan på ståltråd. Fleire troppar og familiar, både norske og utanlandske, hadde born med i desse offentlege tildragingane – berre i den økonomisk og politisk urolige perioden 1798–1830 i alle fall *seks* ulike døme (Berthelsen, 2009, s. 115, 116, 121, 122, 125; Gjervan, 2019).

Alderen på ungane kunne vera ned i treårsalderen, og heilt opp til femten og seksten, til dømes blei ei jente omkring den alderen karakterisert som «halvvoxen» etter den tids målestokk (Jensson, 1965, s. 136). Ikkje alltid vart borna dregne fram i annonsane eller på plakatane som særlege attraksjonar, sjølv om dei tok del i artisteriet. Då danskfødde August Paulson første gongen kom til Christiania, i 1799 saman med broren sin Henrich Paulson, heldt dei framsyningar i akrobatikk og musikk, og hadde tolvårige gutar med i nokre av numra sine (Norske Intelligenssedler, 1799).

Bruken av born er nokså liknande i svensk og dansk samanheng. Me bør sjå desse sirkusborna som eit europeisk og internasjonalt fenomen, meir enn eit bestemt nasjonalt format. Om lag 60 ulike troppar eller einskildartistar fekk truleg innvilga rett til å visa fram kroppsdugleikane sine i Noreg berre i åra 1815–1828 (sjå Braathen, 2015, s. 60–61, og s. 87).

Enkelt sagt var nok ikkje born som regel fremst i dei ulike sirkusidretts-troppane som synte fram ferdigheitene sine, men dei var heller ikkje unntaksvis med i første del av 1800-talet.

Juridiske og ideologiske rammer

Den offentlege sida av slike artisteri var strengt regulert i lovverket. Faktisk var all performativ kunst, både gjøgleri, tryllekunst, og akrobatikk, men også skodespel og ballettar, forbode i Noreg fram til 1875 (Bråthen, 2015, s. 1). Dels pietistiske, dels merkantilistiske omsyn frå einevaldstida låg bakom forordningane. Alle artistane som kom til norske kjøpstader, både norske og utanlandske, måtte difor søka justis- og politidepartementet om dispensasjon. I somme saker avgjorde forvaltinga søknaden sjølv, i meir omfattande spørsmål måtte ein vidare til regjeringa i Christiania, eller til kongen sjølv i Stockholm. August Paulson refererer til desse instansane som «med høie Vedkommendes Tilladelse». Ein viss prosent av inntektene hans måtte gå til fattigkassa. Ein modifiserande resolusjon av 1828 lempa vedtaksmyndigheit til fylkesnivå (amtet) for norske utøvarar; i 1847 kunne også utanlandske søka amtmannen om løyve. No blei også landdistrikta opna for slik kunst. Liberale vindar bles over landet (Roos, 2020, s. 60–78).

Sirkusfenomenet kan sjåast på som ei samansmelting av ulike underhaldningsinnslag på marknader, så som utstilling av ville dyr, blendande akrobatikk, og gjøglarkunster (Gjervan, 2018, s. 26). Og dei årvisse marknadene rundt om i landet, til dømes Christiania marked og Grundset marked (Elverum) begge om vinteren, var opplagte mål for dei artistane som reiste omkring. Både norske og utanlandske troppar søkte gjerne om lengre opphald, og i visse tilfelle gjerne for heile år i Noreg.

Marknadsfenomenet skrumpa inn omkring hundreårsskiftet, etter som urbaniseringa og industrialiseringa endra økonomi og varebyte i mange europeiske land, også Noreg. Sjølv om sirkuset som institusjon og underholdningsform strekker seg både lenger tilbake enn 1800, og lenger fram enn til år 1900, er dette hundreåret likevel ei naturleg ramme i denne samanhengen min.

Embetsverket som anten gav dispensasjon eller avviste søknadene (eller sende dei vidare til høgare instansar), orienterte seg delvis etter idear om underholdningsverdi. Noko var verdt å sjå, meinte dei, og anna – så som å trekka med seg ville dyr – var mindre bra for folk å oppleve. Smaken i embetsmannskulturen låg bakom desse vurderingane, men også omsyn til ro og orden, og det ein kalla sedelegheit (Bråthen, 2015, s. 106).

Dette kan eit stykke på veg forklara at August Paulson lokka med «Kunstövvelser» og «La Danse Tournolier» i annonsen sin. Han ville tekkast den delen av publikum som faktisk gav han – og sonen Carl August – lov å syna fram gymnastiske dugleikar i Christiania. Morgenbladet, den avisa han annonserte i, hadde mykje den same finare krinsen av lesarar (Rudeng, 2021, s. 57). Samstundes var linedans del av ein eigen kunsttradisjon, kalla «ekvilibrisme». Eit konversasjonsleksikon gjeve ut nettopp i 1824 definerte ein «Æquilibrist» som eit menneske eller ein artist «som ved dei mest fordreide Stillinger og ved de dristigste Bevægelser, magter at holde sit Legeme i Ligevægt» (Kofod, 1824, s. 265–266). Linedans og tønnedans sorterte såleis over denne same fellesnemnaren, akkurat som hopp og langrenn i dag høyrer til den same kvite buska av nordiske greiner. Heimlandet åt ekvilibrismen vart i ordboka sagt å vera India, men også Frankrike hadde mange dyktige kunstnarar i denne retninga, heitte det. Carl August Paulson dreiv kanskje barneidrett, men han trødde også lufta i ein lang og ganske verdsomfattande tradisjon. Paulson skreiv sjølv det var tale om «ekvilibristiske Legemsövvelser». Begrepet sirkus er eigentleg ein seinare konstruksjon; ordet «cirkus» dukkar ikkje opp i denne samanhengen i norske aviser før i 1826.

Det same gjeld for så vidt omgrepet vårt om idrett. Ordet «idræt» var endeleg kjent frå før 1800-talet, og blei i norske aviser og bøker brukt om både åndelege og lekamlege store verk, og om kvinners iherdige innsats i sine sfærar like gjerne som om mennene. Dessutan overlappa tydinga med ordet «kunst». Det er seinare tendensar på 1800-talet som skil ein viss type kunst ut, og i tråd med romantisk genidyrking gjer arkitekturen, maleriet, musikken, diktinga og til sist skodespelet om til eit kall og ein eigen høgare lidenskap. På same måten er det utvikling i siste tredjedelen av 1800-talet som distanserer «mandig idræt» frå sirkusløya, og gjer rørsle-konkurransar i organiserte former (og av anerkjente organisasjonar) til verdig amatøriddrett (Skjeldal, 2022, s. 440–450).

Desse diskursane, om ein vil, legg helst lok på at mykje organisert konkurranseiddrett har sitt delvise opphav i nettopp sirkustradisjonen – der born hadde sin heilt «naturlege» plass. Det naturlege handlar då om at plassen til born i manesjen i relativt liten grad blei diskutert, enn seia problematisert.

Opptreninga av sirkusborn

Korleis trena ein opp ungar i linekunst og riding og andre slike krevjande fysiske øvingar på 1800-talet i Noreg? Eller, for å bruka eit endå meir moderne uttrykk enn «trening» (som kom til Noreg på 1880-talet), korleis leia dei vaksne denne kroppslege praksisen av og for born? Anders Enevig, som har samla mykje stoff om dansk sirkushistorie, meiner metoden og pedagogikken før 1900 mykje var den same harde i dei fleste europeiske landa, med store innslag av fysisk avstraffing. Han summerer heile «treningsmetoden» i eitt ord – drill (Enevig, 1928, s. 16). Enevig gjer også ein tankevekkande parallell til handsaminga av dyr – som jo sirkus etter kvart blei særleg forbunde med: Ideen var her at instruktøren måtte knekka psyken og viljen til dyret, *naturen* i det, om ein vil, for så å bygga dyret opp at etter sin vilje. Og til dette nytta dyretemjaren vald og smerte. Det same prinsippet blei nytta på borna, meiner han, særleg på dei som ikkje levde heilt opp til dei krava som foreldra stilte.

Ei vesentleg tildraging i 1837 i Christiania kan tyda på at han har rett i noko også for norske forhold, men ikkje i alt. Ein sirkustrupp under leiing av den svenske-tyske ridaren Didier Gauthier kom til hovudstaden i Noreg

frå København, og eit italiensk ektepar her hadde med seg ei dansk fosterjente på åtte eller ni år, som dei skulle læra opp i linedans. Jenta, Nathalie, hadde truleg blitt avhenda dei av dei eller den som prøvde å forsørga henne. Kan henda fekk ho ikkje til kunstane slik som den nye formyndaren hennar – Mancini – ville, eller ho lengta heim. I alle fall brukte han piskan på henne. Naboane i den bygarden der ekteparet Mancini budde i, reagerte på den harde handsaminga, og meldte saka til politiet (Morgenbladet, 1837a). Ein innsendar skreiv også eit flammande stykke tekst til Christiania Intelligenssedler (Chr.Int.), og hevda at Mancini hadde brukt piskan i andletet på jenta (Chr.Int., 1837a). Andre aviser meldte seg på, så som Statsborgeren, der Henrik Wergeland var redaktør. Somme ville endra lovene slik at born blei handsama betre i Noreg, andre ville i det minste ha denne Mancini bort frå sirkuset (Morgenbladet, 1837b). Éin innsendar tok Mancini litt i forsvar, og meinte at han nok ikkje handsama barnet verre enn italienaren sjølv hadde blitt trenar opp i si tid. Han hevda slik tukt var vanleg mellom sirkustroppane, og dessutan mellom familiar generelt lenger sør i Europa, til skilnad frå Noreg, der ein handsama borna noko betre (Chr.Int, 1837b), skreiv han.

Den uttrykte oppfatninga av ein brukte mindre fysisk avstraffing i oppsedinga i Noreg, treng ikkje tyda at det faktisk var slik. Som ei mogleg utbreidd oppfatning har ho uansett verdi i historiegranskinga.

I sum må alle reaksjonane i hovudstadsavisene i 1837 kunna kallast ein heftig lesarstorm, sjølv om bestemte redaktørar skunda på engasjementet deira. Nøyare gransking enn denne teksten gjev rom for, må visa om denne konkrete og høglytte tildraginga i jolemånen bidrog til å skjerpa medvitet om sirkusborn i Christiania, og i neste omgang: om denne bevisstgjeringa om stoda for sirkusborna i det heile kom til å forsterka medvitet om born meir generelt i landet. Eller om det vel så gjerne var omvendt: at ei auka bevisstgjerling om barndom i Noreg no gjorde også sirkusborn til ein meir omstridd kategori.

Akkurat på denne tida gjekk det også føre seg ein open samtale i avisene i Noreg om ikkje småbarns asyl etter engelsk mønster var noko også for norske byar. I denne samanhengen blei det også drøfta nye ideal for oppsedinga – der fridom og barnleg leik hadde større armslag (*Om Opdragelsesanstalter for Smaabørn eller de saakaldte Asyls*, 1837).

Ein ny og ganske stor aviskontrovers i 1858 stadfestar at også norske born kunne vera med sirkus utan at dei sjølv eigentleg ønska det. Mange aviser og blad trykte det som då kunne sjå ut som reine salskontraktar mel-

lom formyndarar og omreisande sirkusdirektørar – av born. (Trondhjems borgerlige Realskoles alene-priviligerende Adressecontours-Efterretninger, 1858). Den fysiske tilstanden til sirkusborna hadde vore tema i ordskiftet i 1837. No gjaldt det også den åndelege dimensjonen, som desse borna kunne mista, var det sagt.

Dei nemnde, og dels ulike diskusjonane om utsette born i det nedre sjiktet av det norske samfunnet kan samla sett ha forsterka dei førestillingane som åndsperioden *romantikken* i Europa alt hadde fremja: at barndomen er ein unik fase i livet, og at barnet er spesielt fantasifullt, fødd uskuldig og reint. I dei gryande organiserte idrettsrørslene etter 1850 i Noreg fanst det då også dei vaksne som løfta fram *leiken* som noko vesentleg, og delvis unikt, for born. Sjå til dømes boka *Ude og Inde* av foreiningsmennesket og barneforfattern Oluf Wilhelm Falck-Ytter, som kom i to utgåver (1867, 1893). Helst burde denne kroppsleg baserte leiken skjje utandørs, i den frie naturen, meinte han.

Den samfunnsengasjerte statistikaren Jacob Neumann Mohn, som i 1875 fekk i oppgåve av Kirke- og undervisningsvæsenet å utreia og laga utkast til lov om fabrikkarbeid for born, ville ha regelrett forbod også mot at born under alderen 14 år var med i offentleg underhaldning (eller sirkus). Han meinte det var for krevjande for kroppen deira, og at all treninga og reisinga og framføringa ville påføra den potensielt vaksne og viktigaste arbeidskrafta for samfunnet som heilskap, skade (Mohn, 1878, s. 80). Han tok For sin del ikkje så tungt på gjetararbeid for born i si utgreiing for styresmaktene, sidan dei (2390 born i 1875) etter hans oppfatning fekk sunn fysisk fostring («Bevægelighed») av å bevega seg i ulendt skog og mark (Mohn, 1878, s. 216). Og sjølv om ikkje Mohn fekk gjennomslag for å forby bruk born i sirkussamanheng, og arbeidarvernlova for born i fabrikk først var vedteken på Stortinget i 1892, var Noreg tidleg ute i det ein kan kalla den politiske og juridiske innhegninga av barndomen (Thuen, 2008, 106).

At born slett ikkje er vaksne i miniatyr, at barndomen er ein særmerkt alder, at born rett og slett må skjermast mot den vaksne verda, er likevel førestillingar som aller mest høyrer 1900-talet til. Vårt hundreår har sidan berre forsterka denne tendensen, ved å organisera den fysiske leiken til ungane meir og meir, og så lovregulera den i stadige omgangar. Noregs idrettsforbund fekk sine første retningslinjer for barneidrett i 1978, og vedtok sine første barneidrettsbestemmingar på idrettstinget i 1987. I 2005 blei borns idrettsrettar vedtekne, basert på FN's barnekonvensjon frå 1989 (NIF, 2019, s. 3). Samla sett

handlar dei om at born til og med fylte 12 år må få lov å leika i idretten, og at konkurransealvoret, og -reisinga, ikkje må få ta overhand for tidleg, som nemnt.

Meisteren August Paulson i ei overgangstid

August Paulson, faren til «vår» Carl August Paulson, titulerte seg som dansemeister i fleire samanhengar. I éin annonse lokka han med at han ville gje elevane som meldte seg på, «blid Omgang» i dei mest moderne turane og dansetrinna (BAE, 1816). Dette kan bety at han la vinn på å handsama ungane mildt. Ikkje alle dansepedagogar den gongen gjorde det: Elisabeth Svarstad har vist i ein fersk doktorgrad korleis somme av dei straffa gjenstridige ungar med både skammekrok, og med tauverk og med stive stokkar (Svarstad, 2017).

Tukt var den gjennomgåande pedagogiske ideen gjennom heile einevaldstida, og langt inn på 1800-talet, både i skule-samanheng, i heimane, i militæret og i handverkslauga. Kva er øvrigheita si skuldighet mot under-såttane, spurde Pontoppidan i punkt nummer 169. «At elske dem, søge deres timelige og evige Velfærd, holde Fred og god Orden med *at straffe det onde og belønne det Gode*» (Pontoppidan, 1737/1854, s. 38, mi utheving).

På den andre sida var nye idear om barndom og oppseding i gjæring, også i Danmark-Noreg. At born og borns læring måtte forståast ut frå tankar om mogning, og motivasjon, vitnar både meir private manualar for foreldre og lesebøker for konfirmasjonsundervisninga (Grøgaard, 1816, s. 6).

For mange handverkaryrke gjaldt det vel etablerte laugssystemet, der kunnskap var noko som relativt taust og kroppsleg blei overført frå meisteren til sveinen, og vidare til lærlingen (Nilsen & Kvale, 1999). Det er rimeleg å tru at linedansen var noko Carl August Paulson herma etter faren som ein sosial og kroppsleg praksis, og omvendt: fekk fysiske instruksjonar og demonstrasjonar av både han og eventuelle sveinar og slektningar som også øvde på akrobatikk og kroppsleg kunst.

Paulson kan i det heile ha drive med drill og med slavisk innprenting av balansekunsten i guten sin, og han likevel kan ha vore mild mot han, når ein måler det mot samtida. I det minste fekk Carl August og faren vera i lag.

Guten var endåtil med å forsørga familien sin. Mange ungar hamna i teneste hjå andre før dei var ti år gamle.

Me kan ikkje vita om Carl August Paulson hadde *lyst* til å vera på framføringar på den slake stållina, men me kan heller ikkje gå ut frå at han ikkje hadde det. Kan henda er spørsmålet malplassert, sidan det er vår tid, og ikkje på langt nær på same måten 1800-talet, som spør primært etter kva born har hug til sjølve. Kanskje fann guten den gongen stor meining i å hjelpa far sin med å trekkja betalande tilskodarar i mange norske kjøpstader.

Problematiske aldersskjema

Grovt sagt finst det to syn på barndomshistoria i Europa. Den eine tradisjonen teiknar ei linje som går framover og oppover mot fridom – der borna nettopp *ikkje* arbeider, verken i sirkus eller andre stader. Leiken og idretten blir då del av dette riket som høyrer borna særleg til. Andre ser denne historia om dei minste som ei utvikling mot stadig meir innhegning, disiplin og kontroll. Dei beklagar at borna ikkje får ta del i vaksenverda lenger, og må sitja dørgande stille på skulebenken, og leika i den pedagogiserte og helst inngjerda, barnehagen.

Eg oppfattar at Phillippes Aries (1960/1980), som innleidde den moderne barndomsforskinga, heller mot dette siste synspunktet. Det same gjeld Michel Foucault (1999), som peikar på korleis barneseksualiteten er blitt ramma inn og undertrykt. Neil Postman (1984) plasserer seg svært tydeleg i denne leiren, med boka *Den tapte barndommen* i norsk omsetjing. Til det førstnemnde synspunktet på historia kan Ellen Key (1900) plasserast, saman med kunsthistorikaren Anne Banér (1994) og Lloyd deMause (1974). Ein granskar som meiner at omsuta for barnet alltid har funnest, og at historia såleis ber preg av kontinuitet, er Linda Pollock (Schrumpf, 2007, s. 14 ff).

Om det går an å læra noko av saga om Carl August Paulson i utforminga av leiarrolla i born i idretten i dag, kviler mykje på kva grunnsyn ein alt har på historia. Ein kan få stadfesta kor mykje betre alt er i dag, eller verre, alt etter som. Anten ser ein *underbeskytta* sirkusborn i aksjon i Noreg både før og etter 1824, eller ein ser *overbeskytta* idrettsborn både før og etter 2024.

Eg vil derimot landa i ein noko annan moral. Lat meg difor venda tilbake til alderen til unge Carl August: Kor gammal var han eigentleg, oppvaksten i Bergen omkring og etter Napoleonskrigane? Me såg at August, altså faren hans, skrytte *av* alderen hans i 1824, då han var nærmare tolv enn han var ti år gammal. Dette kan sjølvsagt ha si forklaring i at faren berre brukte om att den annonsen han hadde fått skrive til De Bergenske Adressecontoirs Efterretninger våren 1823. Men det kan også tenkjast at han ikkje tok årstala så bokstavleg, eller nødvendigvis markerte fødselsdagen til sonen kvart bidige år.

I ei rettssak som kom opp mot Carl August Paulson i 1840, står det i avisene og i rettsstidsskrifta at han var «omtrent» 25 år gammal (Norsk Retstidende, 1840, s. 697). Sameleis er fødselsåret noko anslagsvis i vigslingsattesten hans. Det han synest å hugsa klarare, er at han blei fødd i Kristianssand (Nykirken Sokneprestembete, Klokkerbok nr. D 1, 1832–1867, s. 120).

Truleg handla ikkje dette berre om hugsen til Carl August Paulson. Samfunnet var den gongen ikkje skrudd inn på nøyaktig alder på folk eller born. I konfirmasjonsalder kunne spennet i 1820-åra, som i Nykirken i Bergen i 1828, vera mellom 15 og 19 år for gutane og 15 til 20 år for jentene. Det vil seia at mange årskull gjekk saman for presten. Somme hadde lett for teoretisk lærdom og pugging, medan andre trong meir tid (Myhre, 2009, s. 160–161). Me kan tala om ei kulturell eller sosial aldersforståing. Ein var konfirmert, eller eit barn.

I dag, derimot, blir alderen nærmast slått fast i stein, årgang for årgang. Til dømes seier barneidrettsbestemmingane til NIF at born kan, vel å merka frå det året dei fyller 11, ta del i opne konkurransar og idrettsarrangement i Noreg, Norden og Barentsregionen (NIF, 2019, s. 7). Ikkje før det året. Endå «alle», særleg idrettsforbund og særforbund i Noreg, veit at born utviklar seg svært ulikt med tanke på vokster, modning og pubertet, ikkje berre mellom kjønna. Også innanfor éin årsklasse kan dei fysiske og mentale skilnadene vera store, og dei som er fødde tidleg på året kan synast å ha ein heil fordel vidare i idretten, eller like gjerne: forfordelingar i idrett så vel som i skule.

Faglitteraturen talar om fysisk alder og den relative alderseffekten; heile 29 doktorgradsavhandlingar, master- eller bacheloroppgåver har tematisert den sistnemnde problematikken dei siste fjorten åra, berre i Noreg. Ein kan undra seg over den manglande rettferda som ligg i slike tevlingar basert på årsklasse, og ein kan uroa seg for fråfallet det kan skapa på sikt (Delorme mfl., 2010). Og kor lurt det er, med tanke på at born kan ha godt av – eller kan ha

hatt det i ein lengre kulturarv – å leika på tvers av alderstrinn (Myhre, 1994, s. 147). Spissformulert kunne ein seia at den kronologiske aldersforståinga legg lok på mange problematiske ting.

Likevel konkurrerer dei aller, aller fleste borna og ungdomane i Noreg innanfor sin årgang. Årsakene er nok mange og går langt tilbake i historia (Goksøyr, 2022, s. 101). Men kan ein seia at barnerettane til NIF bøter på noko av dette kinkige? Eller er rettane, og barneidrettsbestemmingane til NIF, med på å forsterka nettopp dette strenge aldersregimet i samfunnet vårt, med dei klare stega år for år?

Eg meiner ikkje sjølv at ein bør ta heilt bort barneidrettsbestemmingane i norsk organisert idrett og den premissen om årgangar som ligg under dei. I nettressursane sine er NIF eksplisitt medvitne om den relative alderseffekten, og skriv at *det* er grunnen til at ein ikkje skal ha rangerte resultatlistar for born under 11 år (NIF, u.å). Men den større historia, og den om sirkusborn på 1800-talet, kan minna både leiarar, trenarar og foreldre om kor vanskeleg det er å tala om born i det heile teke. Born er ulike; ein barndom er så mangt. Ein lyt halda tunga rett i munnen og vega mange omsyn. Somme maktar mykje, og vil mykje. Det som er tyngande alvor for nokre ungar, er moglegheiter og sunt ansvar for andre. Somme treng å få styra leiken heilt sjølv, og andre veks mykje på at vaksne leier dei fastare.

I staden for å tala (og synga) om «det gåtfulla folket» (Welgers, 1959), bør ein tenkja om *kvart enkelt barn* som ei gåte for seg. *Der* ligg kan henda moralen i historia om linedansaren Carl August Paulson (10/11/12) og faren og leiaren hans.

Referanser

- Abrahamsen, F. E. & Gitsø, E. O. (2014). *Den coachende treneren: om å coache begynnere*. Akilles.
- Abrahamsen, F. E. & Gitsø, E. O. (2016). *Den coachende treneren: om å coache viderekomne*. Akilles.
- Aries, P. (1980[1960]). *Barndommens historie*. Gyldendal.
- Banér, A. (1994). *Bilden av barnet: från antiken till 1900*. Bergh.
- Bastiansen, H. G. (2023). *Når fortiden blir digital: Medier, kilder og historie i digitaliseringens tid*. Universitetsforlaget.
- Beck, C. W. (1990). *Det organiserte vanvidd: Et kritisk blick på barn og ungdoms oppvekst i 90-åra*. Oplandske forlag.
- Berthelsen, H. (2005). *Appelsin-Herman: Gjøgleren som ble millionær*. Kolofon.
- Berthelsen, H. (2009). *Sirkus i Noreg*. Commentum.
- Bråthen, T. R. (2015). *Retten til å framføre offentlige forestillinger i Noreg 1815–1875* [Masteroppgave, Universitetet i Oslo]. DUO Vitenarkiv. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/49447>
- Christiania Intelligenssedler. (1837a, 7. desember). (Innsendt).
- Christiania Intelligenssedler. (1837b, 8. desember). (Innsendt).
- De Bergenske Adressecontours Efterretninger. (1816, 24. august). «Dersom et passelig antall Elever ...».
- De Bergenske Adressecontours Efterretninger. (1824, 10. mai). Bekjendtgjørelse.
- de Mause, L. (Red.). (1974). *The History of Childhood*. Jason Aronson Inc. Publishers.
- Delorme, N., Boiché, J. & Raspaud, M. (2010). Relative age and dropout in french male soccer. *Journal of Sports Sciences*, 28(7), 717–722.
- Drammens Tidende. (1824, 15. november). (Innsendt).
- Enevig, A. (1982). *Cirkus i Danmark* [band II]. Dansk histories håndbogsforlag.
- Falch-Ytter, O. W. (1867). *Ude og inde: Om legemsøvelser og leg*. Cappelen.
- Foucault, M. (1999[1976]). *Seksualitetens historie: Viljen til viten* [band I]. Pax.
- Gjervan, E. K. (2018). Business as Usual?: The Changing Structure of «the Italian company» During their Scandinavian Tour, 1800–1802. *Popular Entertainment Studies*, 9 (1–2), 25–43. [file:///C:/Users/gudmunds/Downloads/Publisher%20version%20\(open%20access\).pdf](file:///C:/Users/gudmunds/Downloads/Publisher%20version%20(open%20access).pdf)
- Gjervan, E. K. (2019). Komiske og historiske pantomimer rundt 1800 I Europa, Noreg og i norske teaterhistorier. *Teatervitenskaplige studier* (3), 17–26. <file:///C:/Users/gudmunds/Downloads/rgjefsen,+4.+Gjervan+17%E2%80%9326.pdf>
- Goksoyr, M. (1991). *Idrettsliv i borgerskapets by: En historisk undersøkelse av idrettens utvikling og organisering i Bergen på 1800-tallet* [Doktorgradsavhandling]. Noregs idrettshøgskole.
- Goksoyr, M. (2022). *Historien om norsk idrett*. Abstrakt.
- Grøgaard, H. J. (1816). *Læsebog for Børn, i sær i Omgangsskoledistrikterne*. Waisenhusets Bogtrykkerie.
- Jensson, L. (1965). *Teaterliv i Trondhjem, 1800–1835: de dramatiske selskapers tid*. Gyldendal.
- Key, E. (1900). *Barnets århundrade*. Bonnier.

- Kofod, H. U. (Red.). (1824). *Conversations-Lexicon, eller Encyclopædisk Haandbog* [band 20: Wol til Ø]. Soldin.
- Kristiansand domprosti, SAK/1112-0006/F/Fa/L0003: Ministerialbok nr. A 3, 1778-1818 (Kirkebøker). <https://media.digitalarkivet.no/view/9561/343>
- Mohn, J. N. (1878). Angaaende Børns og unge Menneskers Andvendelse til Arbeide udenfor hjemmet. *Stortingsforhandlinger 1883*, 3. del, O.15.
- Morgenbladet. (1824, 22. februar). Bekjendtgjørelser.
- Morgenbladet. (1837a, 5. desember). Opfordring til politiet.
- Morgenbladet. (1837b, 10. desember). Indsendt
- Myhre, J. E. (1994). *Barndom i storbyen: Oppvekst i Oslo i velferdsstatens epoke*. Universitetsforlaget.
- Myhre, J. E. (2009). *Mange veier til historien: Om historiefagets og historikernes historie*. Unipub.
- Nilsen, K. & Kvale, S. (1999). *Mesterlære: Læring som sosial praksis*. AdNotam Gyldendal.
- Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite. (2019). Idrettens barnerettigheter: Bestemmelser om barneidrett. https://flippage.impleoweb.no/dokumentpartner/55c4a9f4ad9433e811dcc8ba7821c3b/82_19_Barneidrettsbestemmelsene_NO_HR.pdf#page=1
- Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite. (u.å.). Ofte stilte spørsmål. Henta 20. desember 2023 frå <https://www.idrettsforbundet.no/tema/barneidrett/sporsmal-og-svar-om-barneidrett/no>
- Norsk retstidende (1840) [5. årgang]. Hoppe. (redigert av advokatane i norsk høgsterett).
- Norske Intelligenssedler. (1799, 16. januar). Med høi Øvrigheds Tilladelse.
- Nykirken Sokneprestembete, SAB/A-77101/H/Hab: Klokkebok nr. D 1, 1832–1867, s. 120 *Om Opdragelsesanstalter for Smaabørn eller de saakaldte Asylere*. (1837). Wulfborgske Bogtrykkerie.
- Pontoppidan, E. (1854[1737]). *Sandhed til Gudfrygtighed*. Steen.
- Postman, N. (1984). *Den tapte barndommen*. Gyldendal.
- Roos, M. (2020). *En kort introduksjon til Noreg på 1800-tallet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Rudeng, E. (2021). *Morgenbladet: En historie for seg*. Pax.
- Schrumpf, E. (2007). *Barndomshistorie*. Samlaget.
- Selliaas, A. (2012). Idrettsgallaen og idrettens selvråderett. <https://sportensuutholdeligelettet.blogspot.com/2012/12/idrettsgallaen-og-idrettens-selvraderett.html>
- Selvik, R. M., Gladsø, S. & Fiskvik, A. M. (Red.). (2020). *Performing arts in changing societies: opera, dance, and theatre in European and Nordic countries around 1800*. Routledge.
- Skjeldal, G. (2022). «Kjærlighed», «Sportsgribbe», og «Cirkusartister»: Amatørførestillingar i norsk idrettsoffentlegheit 1866–1907 [Doktorgradsavhandling, Noregs idrettshøgskole]. Brage. <https://nih.brage.unit.no/nih-xmlui/handle/11250/3000586>
- Svarstad, E. (2017). «Aqquratess i alt af Dands og Triin og Opførsel». *Dans som sosial dannelse i Noreg 1750–1820* [Doktoravhandling, Institutt for musikk]. Noregs naturvitenskapelige universitet. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2486242>
- Thuen, H. (2008). *Om barnet: Oppdragelse, opplæring og omsorg gjennom historien*. Abstrakt.
- Toms, M. & Jeanes, R. (Red.). (2023). *Routledge Handbook of Coaching Children in Sport*. Routledge.
- Trondhjems borgerlige Realskoles alene-privilegerende Adressecontours-Efterretninger. (1858, 30. januar). Trondhjem, den 29de Januar.

